Kviteseid kommune

03.02.26

Kjære føresette



Til hausten skal bornet ditt starte i 1. klasse.

Skulen samarbeider med barnehagen om nokre tiltak for at barnet ditt skal få ein trygg og god overgang og ein god skulestart. Vi gjennomfører prøveskuledag i mai/juni.
Det vil kome eigen invitasjon til denne dagen og til foreldremøte.
Fyrste skuledag for 1. klasse vil vere måndag 17.august.

Frist for innskriving er 1. april.
For å få all kontaktinformasjon skulen treng, ber vi dykk om å nytte elektronisk skjema.
Skjemaet finn de på: **kviteseid.kommune.no/tenester/oppvekst/skule-og-sfo/kviteseid-skule**

SFO er eit friviljug omsorgs- og fritidstilbod til born i 1. - 4. klasse (småskulen) og for born i 1. -7. kl. (barneskulen) med særskilde behov.
Ordninga skal vere prega av leik og sosial læring, samt gje omsorg og tilsyn til dei barna som går der.

Tilbodet er organisert slik: Tilbod frå kl. 07.30 til skulestart og frå etter skuleslutt og ut dagen. SFO avsluttar kl. 16.45. På onsdagar er det SFO heile dagen, då 1-4 klasse har fri.

For å søkje om plass på SFO går du inn på: **foresatt.visma.no/kviteseid**
Du loggar inn med ID-porten, det vil seie bankbrikke eller bankID på mobil.

Legg inn oppstartdato **17.08.26.**

Søknadsfristen til SFO er 1. april, og den er **absolutt.**

Ein beheld plassen til den seiast opp.

Skyssreglar:

Elevar på 1. trinn som har meir enn 2 km veg mellom heim og skule og elles alle elevar som har meir enn 4 km veg, har rett til skyss mellom heim og skule. Elevar har ikkje har rett til skyss fram og tilbake til SFO.
Skulen søkjer om busskort til elevar som har rett på skyss. Fylkeskommunen fattar vedtak.

Velkomen til skule og SFO i Kviteseid kommune!

Med helsing

Gjermund Sivertsen, rektor.